

og slike problemers enorme omfang, er det ennå svært langt frem til vi har et tilfredsstillende grep på behandling av kjempeskred. For det første er jo forutsetningene for å kunne sette igang sikringstiltak, den at man vet at det er en fare tilstede, og som man vil skjønne ville det igjen kreve detaljkunnskaper om terrengets oppbygning. Med det å skaffe tilveie en slik detaljkunnskap over det ganske land er imidlertid praktisk og økonomisk ugjennomførlig ihvertfall i overskuelig fremtid. For det annet er det langt frem til vi formår å tukte de langsomtarbeidende naturkrefter som her er igang, og det er vel forsåvidt tvilsomt om menneskene noensinne blir naturens herre.

Man kan derfor ikke helt se bort fra muligheten av selv større skred her til lands også i fremtiden. Men det er kanskje en felles trøst at det gikk hele 550 år mellom storskredene i Gauldalen og Verdalen.

Personlig er jeg tilbøyelig til å sette slike kjempeskred på linje med mange andre former for naturkatastrofer, slik som jordskjelv, digre oversvømmelser, orkaner o. l. Det er et faktum at de forekommer, og at de vil fortsatt forekomme, men folk flest viser såvisst ingen panikk for det, idet menneskene stort sett har en lykkelig evne til å innse livets realiteter, og uredde leve med i disse.

Dette syn forhindrer naturligvis ikke en videreutvikling, mensnarere tvert om ansporer til fortsatte undersøkelser og studier for å trenge til bunns i naturens kraftspill og virkemåte, for om mulig å konkurrere noe mer på like linje med naturkreftene på et stadig bredere område. Dette skjer jo også med stor intensitet over hele det teknisk-naturvitenskapelige felt, — også innen geoteknikken.

---

## REGIONPLANLEGGING — AREALDISPONERING

### NY BYGNINGSLOV

*Av statskonsulent Bjarne Frøystad.*

Sentraliseringstendensane er sterke i vår tid. Det har blitt så moderne å samle all verksemd i tettgrender og byar og folk vil så gjerne bu så tett saman som mogeleg ser det ut for.

Kontrasjon i mindre eller større sentra er vel rett, men pendelen har så lett for å svinge for langt ut.

Denne sentraliseringa har uten tvil ført til store vanskar for jordbruket, og det er grunn til å tru at dei blir enda større med åra dersom styresmaktene lar det gå som nå. Gardar blir nedlagde så å seie dagleg og utkantstroka blir avfolka.

Avfolkinga skapar store sosiale og økonomiske problem for utkantbygdene. Her går jordbruksjorda ut av produksjon og skattegrunnlaget minkar. Men det som kanskje er ennå verre, er at den gode gamle kulturjorda omkring byane og dei større sentra etter kvart

blir lagt ut til tomteareal. Jordbruket sit att med eit mindre areal, og eit vesentleg dårlegare jordbruksareal.

Mange meiner at dette har mindre å seie. Vi kan kompensere med nydyrking, det er areal nok. Dette er likevel etter mi meining ikkje rett. For det første så må det vere klårt at vi sannsynlegvis opererer med for stort areal dyrkande jord her i landet, og for det andre er det heilt sikkert at vi ikkje har dyrkingsjord av tilsvarende kvalitet som den som blir lagt under asfalt i dei sentrale stroka. Den dyrkande jorda vi har i dag er av dårlegare bonitet og den ligg geografisk og klimamessig dårlegare til. Dette kjem serleg tydeleg fram i slike vanskelege vekstår som vi hadde i 1964. Det synte seg tydeleg at den eldre kulturjorda i dei beste klimasonene klarte seg langt betre enn den nydyrka jorda som for ein stor del ligg ulaglegare til klimamessig og terrengmessig.

Statistikken syner elles at nydyrkinga med statstilskott har gått sterkt tilbake i dei siste åra, frå godt 100 000 dekar i 1959 til 58 600 dekar i 1963. I åra 1959 til 1963 er det i alt fulldyrka 387 000 dekar. Auken i fulldyrka areal er likevel berre 159 000 dekar. Det vil med andre ord seie at 228 000 dekar fulldyrka jord har gått ut av produksjon i desse åra, eller i middel 57 000 dekar pr. år. Ein treng vel ikkje vere serleg store spåmenn for å spå at det nydyrka arealet vil gå ennå meir ned samstundes med at arealet som går ut av produksjon vil auke. Vi har alt nå ein reell nedgang i dyrka areal her i landet, og denne nedgangen vil truleg berre auke i åra som kjem. Når vi så veit at folketalet aukar jamt og sikkert, må dette føre til ein mykje usikrare matsituasjon i ei eventuell krise enn den vi hadde i 1939. endå om produktiviteten pr. dekar dyrka jord er større nå enn då.

Det ser likevel ut til at dei styrande ikkje vil ta omsyn til dette. Vi har så lett for å gløyma at jordbruket var redninga for mange av oss i dei vanskelege åra 1939—45. Og ein slik situasjon kan vi få på ny, ingen tvil om det. Og det daglege brødet er så å seie det siste vi kan klare oss utan, endå om det ser ut til at mange i vår tid ikkje vil vedgå eller tenkje over det. Jaget etter å legge dyrka jord under asfalt held fram.

Tomtespørsmålet er blitt eit av dei vanskelegaste spørsmåla å løyse i utbyggingsområda. Private og offentlege kappast om å by den høgaste tomteprisen og desse stig til utrulege høgder. Det er difor ikkje underleg at bøndene kring byar og tettgrender blir freista til å ta del i galoppen.

Men heldigvis fins det og bønder som ser fåren og held att. Dei er glade i gard og grunn, dei har tru på jordbruket og dei veit kva jordbruket er verd når det røyner på. Dei vil ikkje byte jorda med pengar, det held dei for å vere eit ringt byte.

Det er likevel slik at vi kan ikkje stogge utviklinga. Vi må ha nye byggeplassar både for industri og for bustader. Men denne utbygginga kan ikkje skje planlaust. Styresmaktene blir nøydd til å regulere,

det er ingen veg utanom. Vi har difor fått eller får regionplanar for større område, generalplan for ein kommune og reguleringsplanar for mindre område i kommunen.

Dette planleggingsarbeidet vil bli grunnlaget for utviklinga i kommunane i distriktet, i fylket og i landet. Blir ikkje dette arbeidet gjort grundig nok, kan det bli til uboteleg skade for utviklinga i lang tid framover, ikkje berre for jordbruket, men for heile samfunnet.

Å lage langtidsplan for eit så snevert område som ein by eller ein kommune er vel neppe aktuelt i dag. Her må vi sjå lenger fram, heile fylket må takast med i vurderinga. Samarbeid utover fylkesplanet kan og kome på tale.

Skal ein langtidsplan ha sjanse til å bli vellukka, må det såleis samarbeid til mellom fylket og kommunar, mellom kommunane og innan kvar kommune. Fagsjefane på alle plan må samarbeide med dei ulike næringsorganisasjonane slik at alle dei ulike synsmåtane kan vurderast.

Ein fylkesplan, regionplan, generalplan eller reguleringsplan kan og bør ikkje vere eit einmannsverk, det må bli eit samarbeid mellom alle interesser og med dei folkevalde styresmaktene som avgjerande instans.

Det må og etter mi meining vera heilt klårt at spesialistane — reguleringsarkitektane — ikkje må sleppe til med å lage planar før saka er diskutert med representantar for dei ulike interessene. Det må leggest ei konkret råde for oppdraget, og innanfor denne råde blir det så spesialistane si oppgave å prøve å finne dei beste løysingane.

Dette er for så vidt ikkje nye tankar og idear, men det ser likevel ut til at reguleringsinstansane ikkje alltid tar det så nøye med å diskutere sakene på førehand, dei lagar planen ferdig etter sitt hovud, og så blir det kommunestyret og departementet som må strø sand på og ta ansvaret. Ei vanleg lekse for dei fleste planar er at vi er i tidsnaud, alt skal skje med ein gong. Det er difor sers vanskeleg å gå mot ferdige planar som spesialistar har arbeidd ut. Ekspertane har arbeidd med stoffet ut frå sitt syn. Dei som skal vurdere og ta ansvaret får lite eller inga tid til sitt arbeid og står svakt i diskusjonen.

Det hender heldigvis ennå at ekspertane må bøye av, og det kan bli store endringar, men då blir mykje kostesamt arbeid i tid og pengar til inga nytte.

Eg kjenner likevel for lite til desse spørsmåla til å kunne uttala meg ålment og med sakkunnskap, men eg vil likevel nemne eit par døme her frå Rogaland, planar som den menige mann kjenner til, og desse skulle syne at det nå er på høg tid å få samordne interessene før det blir for seint.

For ei tid sidan vart det i avisene i distriktet offentliggjort disposisjonsplan og deler av reguleringsplan for *Madla*, ein liten kom-

mune som ligg ei knapp mils veg vest av Stavanger. Det har sikkert vakt både undring og uro hjå dei som er lokalkjende at området som skal reguleraast gjeld mykje av den beste og tidlegaste jorda vi har i Madla. Nett frå dette regulerte området får vi dei første tidlegrønsakene og tidlegpotetene. Gardane er elles godt arronderede og lette å drive.

Like inntil det regulerte området og litt høgare oppe ligg det eit mindre, men likevel nokså stort område med meir kupert terreng og med mindre jordbruksjord. Dette området er ikkje regulert. I kommunen er det elles ein god del jord høveleg til tomteareal som heller ikkje er regulert.

Kva er så grunnen til at det beste jordbruksarealet er regulert medan etter mi meining, høveleg tomteareal av mindre jordbruksverdi ikkje er tatt med i det heile?

Kva med dei gode gardane og jordbruksproduksjonen på desse? Skal gardane raserast og flyttast til haugar og ring myr, berre fordi tomter utan produksjon skal få breie seg på det beste jordbruksarealet?

Er det oppdragsgjevaren som vel i dette tilfellet er dei folkevalde styresmaktene, som sviktar, eller er det reguleringsarkitektane? Ein svikt må det vere, for eg nektar å tru at ansvarlege instansar i fullt alvor vil gå inn for ein slik plan.

Eit anna konkret døme er *Forusområdet* som ligg mellom Stavanger og Sandnes, ei mils veg sør for Stavanger. Her har dei kommunale spissane funne eit høveleg område for industrireisning på ein nedlagd flyplass som tyskarane bygde under krigen. Ideen høyrest rimeleg ut, ein del av dette området høver nok til industriutbygging, så langt kan alle vere samde. Men når kommunestyra vil legge ut eit industriområde på Forus som femner om 13 000 dekar jord, ja då må ein nok undrast litt. Denne saka var oppe til drøfting i dei to kommunestyra som arealet ligg i avdi heile Forusområdet frå 1. januar 1965 blir by. Ein del av det blir i Sandnes og resten i Stavanger. Storparten av representantane i kommunestyra i dei to tidlegare landkommunane gjekk inn for at heile Forusområdet på ca. 13 000 dekar skulle haldast utanom jordlova sitt virkeområde. Det vil seie at dei meinte at det var samfunnsmessig rett å legge all dyrka jord i dette området under asfalt og betong så snart det kunne høve for kommunane å bygge området ut. Alt jordbruket i Forusområdet får på denne måten oppseiing. Å drive jordbruk her blir sjølsagt ikkje tilrådeleg på lenger sikt dersom industri- og sentraliseringssynet får tilslutning frå dei sentrale styresmaktene.

Når dei folkevalde i to tidlegare landkommunar har ei slik meining, kan det vel ikkje vere tvil om at dei to bystyra vil gå inn for regulering av eit stort industriområde på Forus. Eit industriområde som er så stort at vi i dag kan plassere *all industri som er i industrifylket Rogaland* på Forus og endå ha god plass.

Når ein veit at denne industrireisinga på Forus vil rasere og legge under asfalt mange tusen dekar god jordbruksjord, av den beste og mest årsikre jorda vi har i Rogaland og i landet elles, og når vi vidare veit at ei slik industrireising vil skape problem av militær art, trafikkproblem, skoleproblem, kloakkproblem og sosiale problem i eit område som er i sterk ekspansjon frå før, og vi veit at Rogaland har mange mindre vekstsentra både i Dalane og i Nord-Rogaland, vekstsentra med tilgang på ledig, solid arbeidskraft og høvelege tomteareal på udyrka eller mindre verdifull dyrka jord, ja då må det vere grunn til å seie at lokalpatriotismen og kampen om industrien i fylket har gått litt for langt.

Eg nemner dette berre som døme som eg kjenner til her. Det kan sikkert finnast liknande døme i andre distrikt i landet. Rogaland er vel korkje verre eller betre enn andre fylke i så måte.

Framlegget til ny bygningslov legg ein stor del av ansvaret for langtidsplanlegginga i byane og i kommunane på dei folkevalde representantane. Dette er vel både naturleg og rimeleg. Men her må vi likevel vere merksame på at jordbruket og jordbruket sine representantar får så å seie ingen ting å seie i dei nye storkommunane. Her får industri, handel og servisenæringane så å seie all makt. Det ville difor vere naturleg at jordbruksinteressene fekk minst ein mann i dei regionplanråda og generalplannemndene som skal opprettast. Etter framlegget i den nye bygningslova skal desse veljast berre av og mellom representantar i kommunestyra berre med det unnatak at formannen i regionplanrådet skal nemnast opp av Kommunaldepartementet. Trur nokon at det blir ein representant frå jordbruket? Ja eg berre spør. Region- og generalplanlegging er først og fremst arealdisponering. Det ville vel difor vere naturleg at ein representant frå dei som i dei fleste tilfelle spanderar kaka, nemleg jordbruket, får vere tilstades når denne skal delast. Kan jordbruket og jordbruket sitt syn kome til uttrykk i region- og generalplanlegginga, så tidleg som råd er, slik at dei gode jordbruksområda blir regulert til det dei skal og bør vere, landbruksføremål, så trur eg likevel at den nye bygningslova kan bli eit godt vern for jordbruket i utbyggingsområda. Det er difor viktig alt nå å vere klår over dette og sette inn eit målmedvete arbeid for å verne jordbruket sine interesser i desse områda.

Det er elles ikkje berre ei jordbrukssak å verne om dyrka jord i byar og tettgrender, det er ei samfunnssak. Her gjeld det ikkje berre spørsmål om livberging, her blir det og spørsmål om trivnad både for dei som arbeider i jordbruket og for byfolket.

Å skaffe folket avkobling og mosjon i fritida er blitt meir og meir aktuelt. Til dette trengs det friareal og naturområde. Friareala er mindre områder disponert som grøntareal, badeplasser, idrettsplassar o.l. Naturområdet er større samanhangande vidder med naturleg utnytting til gartneri, jordbruk, skog osv.

Alle er samde om at vi treng friareal, men dei fleste teier og samtykker når teknikken tar bort bit for bit. Vi har likevel ennå ein sjanse. Dei naturlege jordbruksområda som må bevarast kring byane, er gode lunger. Dei kan tene to føremål, jordbruksproduksjon og avkobling for slitne nerver. Men føresetnaden for dette er at jordbruksområda blir store nok og at det verkeleg er dei beste og mest høvelege områda som skal haldast oppe som jordbruk i framtida. Ansvar for ei effektiv planlegging på dette området ligg ikkje berre hjå planleggarane og hjå industrien. Jordbruksnæringa og jordbruksorganisasjonane må og vere aktive. Det må først ein konstruktiv, aktiv og ansvarleg politikk på dette området for å finne fram til den beste løysinga for jordbruket.

Men eit ennå større ansvar kviler på styresmaktene i kommune og fylke. Dei bør og kan ikkje planlegge ut frå dagens situasjon utan å ta omsyn til jordbruket. Jordbruket sine talsmenn må takast med på råd når framtidsplanane for industri og anna utbygging skal leggst på langt sikt.

Respekten for grunnverdiane vi har må rettast opp att. Det har mykje å seie for jordbruksnæringa å få klårleik omkring tomtespørsmåla og utbygginga kring byane, men det har, etter mi meining, likevel ennå meir å seie for bysamfunnet og for dei menneska som bur der, å få bevare solide og gode jordbruksområde så å seie i bykjernen. Her kan byfolka så ofte dei vil få koma i kontakt med naturen og det pulserande livet, ein kontakt som utan tvil etter kvart blir livsviktig for ein stor part av folket i landet vårt. Og dette kan skje utan å bruke bil eller øyde bensin. Ein frisk spasertur frå byen eller frå ein sentral busshaldeplass er nok. Og jordbruket på si side kan få utfolde seg fritt utan å tenkje på ekspropriasjon og utkastning. Det har kort veg til marknaden og det får direkte kontakt med bysamfunnet og kundane, ei gjensidig kontakt som berre er av det gode når den blir praktisert på rette måten.

## **EKSPERTOPPRDAG I TYRKIA TIL AASULV LØDDESØL**

Direktør *Aasulv Løddesøl* fikk for vel et år siden en henvendelse fra det tyrkiske landbruksministerium, gjennom Den norske ambassade i Ankara og Det Kgl. Utenriksdepartement, om å assistere med undersøkelse av og planer for tørrlegging og oppdyrking av fire større myrstrekninger på tilsammen ca. 360 000 dekar. Senere er OECD (Organisation for Economic Co-operation and Development), som har sitt hovedsete i Paris, kommet inn i bildet, og denne organisasjonen har påtatt seg finansiering av undersøkelsene. Direktør *Løddesøl* har imøtekommet henvendelsen og Myrselskapets styre har tilstått *Løddesøl* permisjon i 2 måneder, nemlig april—mai i år.